

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Støren.

Emne: Gammal Engkultur.

Bygdelag: Haukdalsgrenda.

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal, Sørstuggu,

(adresse): Snøan st.

G.nr. 59 Br.nr.3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Ettér** samtale med fleire.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I.

Nemninga eng og utslått er godt kjende her i grenda. Frå gammalt har det vore vanleg å kalla for eng alt som det gjekk an å føra på - altså som det var lønnsamt å driva slåttonn på.

Gammalkarane bruka segja det slik " Det æ ljåfårrån der." Med det meinte dei at det var såpass grasvokster at det vart noko av det når dei slo. Elles var dei ikkje så svært kravstore skal ein døma etter det dei bruka segja: Det løne se å fårrå det når det bi sautugga ette ljådraget."

Ordet eng kan ein segja var samnamn for all den vidda som garden (plassen) samla vinterfør til dyra ifrå. Ein skilde millom fraueng (frøeng med grov ø i dagleg-tale) og markaeng. Det siste kalla ein øg markaslått - eller beint fram småeng.

Nemninga ekre er vel kjend. Likeeins attlegg. Ekre var alle jordstykke som ein gong hadde vore, og var, under plog. Ein har døme på: Låveekra, Kjerringekra o.s.fr. Attlegg var ekror som hadde bore korn året før og som no skulle til å bera gras.

Ein skilde millom "fraueng" og "småeng" Det grove høyet kalla ein frauøy og det finare vart kalla småøy. Noko skile i nemningane for utslåttane etter kor vanskeleg slåttan var på dei ymse teigane kjenner ein ikkje til.

Mange av slåttane vart drivne vekselvis slik at ein part kvilde eine året med ein part vart drive. Markaslåttane vart såleis delte i skårgangar. Nemninga for det var da : "Å slå ein skårgang på marken."

2. Rydjing.

Rydjing i markaslåttane var ikkje mykje vanleg. Men, det vart gjort når ein var heilt nøydd til det. Det vart helst hogge om vinteren og køyrd bort på vinterføret. Å koma med hest og køyredning på sommarføret vart mange stader her ikkje told. Hesteføtene var for harde med grasvoren.

Ettér at rydjinga var gjort om vinteren vart det nok så mykje ekstraarbeid med " engrying" våren etter. Denne engryingga var det kvinnfolka som stod for. I den tida markaslåttane var i full hevd stod engryingga på i fleire dagar.

2.

Kvinnfolka bruka ei vanleg raksterriva til det arbeidet som ein vanlegvis kallar "engrying". Dei tok da skårgangen teigvis slik at dei alltid raka ihop att med kvarandre. Kvist måtte ikkje bli liggjande att. Det vanka alltid vondord frå sláttekarane om sommaren dersom det var mykje kvist i skåren. Kvisten var så hard med ljåegga. Såg kvinnfolka ein tørkvist på ei bjørk og denne kvisten var så lågt nede at dei fekk tak i han med riva så braut dei han av og raka han med.

Når dei så hadde ei høveleg bård med samanraka kvist og fjorgammalt lauv kjemba dei det ihop med riva og bar det bort på dei gamle plassane som det var vanleg å leggja kvist og rask på. Det var vanleg millom noen tre der det var for tett å fara med ljåen. Og nåde dei engryarane som tok til å leggja kvist på ein ny stad.....da var nok ikkje gammalkaren i godlag om han fann ein ny "ratvål" i skårgangen. Han såg i det ein mink på det ljåfarande slåttelandet.

Desse kvist- og raskhaugane i ~~utag~~ enga vart kalla for "ratvål". Denne nemninga er bruka den dag i dag. Ratvålen i markaslåttane vart vanlegvis liggjande å rotne. Dette kunne vel ha fleire årsakar. For det eine var det eldsfåren som spela ei rolle, og for det andre var det for lite tid til å brenna ratvålen over heile slåttelandet. Brenning av ratvål var vanleg inne på dyrka-marka. Kvisten og lauvet som vart raka ihop rundt utgardane samla ein i haugar og brende.

Ein kar i grenda dreiv med ratvålbrenning ein vår. Det hadde vore knusktørt i fleire dagar. Og så bar det ikkje betre til enn det tok fyr i fynna bortover marka. Mannen stod berre roleg og såg på grasbranden. Grannen kom framom og fekk sjå korleis det stod til. Han spurte kvifor mannen ikkje hadde gjort noko for å få sløkket elden.

"Du må vent her du å no må det her brinn opp", fekk han til svar. Men det vart anna jobb for karane i grenda med å temma elden. Hadde dei ikkje kome til såpass mannsterke som dei gjorde, så ville fleire av gardane i grenda brunne opp. Vindden dreiv elden rett mot husa.

Oska etter ratvålbrenninga vart for det meste liggjande der ratvålen var brent.

Dei små steinane som låg lause vart rydd bort i eng og markaslåttar, men dei større steinane fekk liggja i fred.

3) Mosevakden eng.

Noko serleg råd for eng som hadde vorte måssåvokse hadde dei ikkje i reitbruktida. Så lenge det i det heile var "ljåfårrån" så vart ingen ting gjort. Stråforet tok ein for det aller meste frå markaslåttane, og dei få åkrane som var open åker bar konna år etter år. Men det fins tradisjon om ei slags veksling millom konnaåkrane. Jorda vart konntrøtt og måtte få kvile noen år. Da var det vanleg berre å la stykket gro til med dei plantor som ville koma. Det vart nok ikkje rare greione. Syre og stygg-gras rådde grunnen. Frå gammalt var desse attlagte åkrane kalla for "gropekker". Og namnet bar dei nok med rette. For grovare og hardare før enn desse ekrone gav var det vel ikkje godt å få.

Berre dei mest framtøke bønder kunne "kast ti høyfrø ti attlegget." Dette frøet var oppsop frå lem og låve, og ein treng ikkje vita mykje om jordbruk før ein skjønner at dette gav mest same resultatet som inga isåing. Høyfrøet frå lemman var for det meste berre ugrasfrø og av det var det nøgda av i jorda frå før. Noko heimavling av grasfrø var det ingen som dreiv med.

Dei brydde seg i det heile lite om å få bra foravling på heimejorda. Markaslåttane gav det stråforet dei trong.

4) Myr og vassjuk eng. Vatning.

Noko serleg arbeid på bortleiding av vatnet vart det ikkje lagt i gammal tid. Myra bar gras lell om dei ikkje ~~gikk~~ grøfta. Her og kvar kunne dei nok grava opp eit bekkefar gjennom slåtteteigen når det grodde for mykje att, men grøfting i den tydnad som ein no til dags legg i ordet var det ikkje tale om.

Vatning av eng har aldri vore bruka.

Gjødsling.

5) Eng på innmark har frå gammalt vore gjødsla med vintergjødsling. Kor stor part av husdyrgjødsla som vart bruka på åker og kor stor part som vart bruka på eng, er vanskeleg å avgjera. Ein veit at gjødsla først og framst vart lagt på åkeren. Det som vart att når åkeren hadde fått sitt vart lagt på enga. Nemninga for slik gjødsling var: "Å frø på toppen"

Ein var ikkje så nøye med kva skags møkk ein la " på toppen", men saumøkk ville ein helst ha på potetåkeren. Enga vart gjødsla med 8 & 10 lass på malingen. Elles var dei ikkje så nøye med kor mykje dei la på. Møkk måtte no bort ifrå møkkgluggen, og når åkeren hadde fått sitt så var det ikkje så nøye med resten.

6)

Den enga som vart gjødsla med vintergjødsling kalla dei for frøeng (grov ø for au) Høyet frå desse engstykkene vart kalla frøenghøy - eller helst berre frøhøy.

7)

Å leggja engstykkene slik til at dei fekk nytta godt av sig frå fjøs og tun har ikkje vore vanleg. Det som seig nedover frå fjøset - frå møkkdungen - vart kalla "frøtrekken" eller "landseiet". Det fekk styre seg sjøl og renna dit det ville. Ein hadde aldri for auga å leggja åkrane i bakkar slik at jorda nedanfor skulle få nytta godt av sig frå åkrane. Det vart funne ut kvar på garden konnet kunne veksa seg moge og tungt. Den og den åkerlappen - eller reiten - var konnjord. Og den dag i dag kan ein peika på dei åkrane som gav brødkonnet til folket på garden i gammal tid. Ikkje all jord var gjevande.

8)

Enga vart vanlegvis gjødsla om våren når den andre våronna vart gjort undan. Og det var dei samereidskap som vart bruka.

Utkøyringa av møkka vart gjort tidleg på vinteren. Ein tok gjerne til alt i januar og pusla med køyninga heile vinteren utover når veret var lugumt til det. Til køyninga vart bruka ein heilbotna slede med enkel karm. Det vart lagt berre eit lass i dungen av omsyn til spreidinga om våren. Greip eller spade hadde dei ikkje til lessinga, men dei bruka ei jarnskodd treskofle. Møkkdungen låg slik at ver og vind tok på han. Han fraus difor hardt til og dei bruka eit tungt, heimesmidd grev til hakke. Lessaren hadde ein hard jobb med å hogge opp den samanfrosne møkka med køyraaren svinga lasset ut på åkeren eller på enget.

4.
Så kom våren. Møkka skulle spreidast. Karane gjekk laus på møkklassa med hærke. Hærka var ei rive med sterke tindar av jærn. Møkka vart drege utover åkeren med hærkone og tindhorva jamna over og mylda møkka ned. Dette kunne og bli gjort med grev. Mange stader var det kvinnfoka som hekta åkerlandet.

På enga var det ikkje så enkelt. Her måtte møkka spreidast og smuldrast så fint at ho ikkje vart med att i klumpar inn på lemman saman med avlinga.

Etter at møkka var jamna utover så godt det let seg gjera med hærke kom dei og kørde "sloin" fleire gonger over engstykket. Dette reidskapet vart kalla berre "Møkk-sloin" og var laga av stokkar som var botne saman med ein stokk som var bora inn på tvers av dei seks - sju stokkane som sloin var laga av. Holet som denne stokken gjekk i gjennom ~~xx~~ var ikkje trongare enn at kvar stokk kunne venda seg noko i skjeftinga og følgja lendet. På undersida var elles skårer inn tommetjukke hakk slik at møkka kunne gli i gjennom og smuldra. Det var van-leg "å slo møkka" etter regn når det kom tørver. Møkka var då mørare og smuldra best.

Denne driftsmåten heldt seg lenge. Mange stader her var det i bruk heilt til slutten av 1700 talet. Da tok dei til å laga seg møkkgreip med tretindar påsett jærnskoning. Seinare laga dei møkkgreip med grove, firkanta jærntindar. Slike tunge, uhandterlege reidskap var i bruk her i grenda like opp til våre dagar. Men jærnt over gjekk dei av bruk kring 1860 åra da lettare og betre typar kom i bruk. Først kring 1880 kom det meir fart i utviklinga. Og med kvart kom dei reidskaptypene i vanleg bruk slik vi kjenner dei i dag.

Like til 1880 åra laga dei fleste reidskapane dei trong på eigen gard. Enten gjorde dei det sjøl - eller dei fekk leiga ein annan til det. Mest gjekk det på byttarbeid. Den eine kunne vera dugande smed med den andre var skomakar. Han kunne da laga sko til smeden med han stod i smia og laga møkkgreip eller eit anna reidskap som løn for skoparet. Slik berga dei seg ved å hjelpa kvarandre. Det kravde ikkje så stort pengeutlegget.

Denne sjølberginga ebba så meir og meir ut til vi idag mest ikkje er sjølhjelpne på noko felt. Alle reidskaper som før vart laga på gardane var tunge og vart med rette kalla "arbesreidskap". Tida etter 1880 stilte store krav både til reidskapet og brukaren. Nye driftsmåtar braut seg fram og i faret førde dei med seg betre reidskap og maskinor. Vi kom inn over terskelen til ein ny, framgangsrik epoke på det maskintekniske område også for jordbruket. Men ingen stand i landet høver versstrofen "me skal koma om ikkje så brått", så godt på som den jorddyrkande stand. Om mange heller snart tok opp det nye i tida, så var det mange som vart hangande att og som verka som ein hemsko på heile utviklinga. Enda i dag kan ein finna driftsmåtar som best høyrer heime i første luten av 1800 åra.

9)

Eng og utslåttar har vore nytta til beite for dyra i nok så stor utstrekning. Det ser ikkje ut til at det vart gjort for skuld gjødslinga, men rett og slett fordi ein vart forlaus og enga var det einaste som kunne livnære dyra. Utom utgardane var det grått enda. Ville ein berga livet i dyra måtte dei få koma "innpå" som det var kalla i daglegtale.

Dyra fekk gå over heile innmarka og det var dei same stykke som vart beita både haust og vår.

10)

I den siste mandsalder har det vorte eit nokså stort skifte i engbeitinga. Men ein må merka seg at det framleis fins bruk som driv plent som i gammaltida. Kyrne kjem ut mest med marka enda er grå og går på dyrkamarka og beiter der i fleire vekor før dei blir sleppt på markabeite.

Dette er untakstilfelle. Dei fleste slepper ikkje dyra på innmarka. Kyrne får før inne til det blir livberging på skogsbeitet. Sauene får derimot over alt gå på innmarkbeite heilt til dei sleppes på marka- og fjellbeite kring midten - slutten av mai.

Om hausten er det derimot vanleg at alle beiter innmarka med buskapen.

Endringa i bruken av enga som beite kom frå 1880 åra og utover. Meir intensiv drift av jordvegen kravde at i allefall vårbeitinga med buskapen måtte bort frå dyrkamarka. "Han ha bynda å gje tu husom", blir det sagt om han som slepper kyrne på innmarka og let dei beite der om våren.

11)

Møkkrusone etter beitedyra vart jamna utover. Til dette arbeidet bruka dei i eldste tida: harka. Det var ei tung rive med jarntindar.

Møkka vart jamna utover om hausten eller om våren alt etter som veret arta seg. Det kunne vera at snøen kom så brått at ein ikkje fekk gjort det om hausten.

Noko klubbe eller liknande reidskap til å jamna utover møkka med fins det ikkje tradisjonar om her i grenda. Ingen av dei som no er gamle kan segja at eit slikt reidskap ikkje har vore bruka, men dei har aldri høyrd gjete noko slikt reidskap korkje frå far sin eller bestefar.

12)

Når buskapen vart sleppt på beite var det vanlegast at dyra vart botne inn på det same fjøset der dei stod om vinteren. Dei fleste gardane hadde rekstret (geilane som dyra vart jaga til beite i) slik at dyra kom nedat til husa om kveldane. Her i grenda har det berre vore tri-fire sommarfjøs. Alle har dei høyrd til på husmannsplassar og desse plassane har lege slik til at det vanskeleg let seg gjera å ha rekstret fram til plassen. Elles har fleire gardar havt kalvhus i ei trø der kalvar som var for småe til å jaga med på setra, fekk gå i sommarhalvåret. Gjødsling av utslåttar har ikkje vore vanleg driftsmåte her.

13)

Kyrne vart alltid sett inn i fjøset når dei skulle mjølkast om kveldane. Sauene derimot vart ofte stengde inn i grindar som var oppsette til det formålet. Ein kalla vanlegvis desse innhegningane for "søgrindan" (grov ø) eller òg berre "grindan".

Grindgang eller kviing.

14)

Grindgang har ikkje vore bruka her.

15)

På setra vart sauene stengde inn i grindane kvar kveld når gjøtaren gjette heim. I den tida det var mest utrygt for udyr bruka sætergjenta å slå lenge på bukjelen ved grindane. Dette gav ein skrellande låt som høyrdes langt

6
innover fjella. Men det ser ikkje ut til at det vart laga nokon lørvkall til skremsel ved grindane. Ingen har høyrd gjete at slikt var vanleg skremsel for udyr. Derimot var det mykje bruka mot fuglar. Lørvkallen vart i bygdamálet kalla "Føgelkuse"- eller òg "Føvelkus"

16)

Folk låg ikkje til vanleg på vakt ved grindane om natta. Det kunne vel henda seg når det var serleg mykje udyr i nærleiken. Elles var ikkje grindane lenger frå sæterbua enn at vakthaldet kunne gjennomførast der ifrå.

17)

Det er ikkje tradisjon om kva slag mat gjætaren fekk når han kom med buskapan om kveldane. På sætra kunne det nok henda at han fekk kjesmus av sætergjenta når han kom dei dagane ho hadde laga ost.

18)

Sauhus utan golv til å flytte bortover marka er ikkje kjent her.

19)

Nemninga "trø" og "trøa" er kjende i daglegtale her i grenda. Når ein talar om trø så meiner ein eit heller lite engstykke. Det er gjerne gjerda inne. Ein har t.d. "litj-trøa", "kalvtrøa" og "trøplassen"

20)

Frå gammalt var det vanleg med inngjerda slåttemark på sætra. Det vart kalla "vollen" eller "sætervollen". Når ein slo denne inngjerda marka vart det kalla: "å slå sætervollen". Sæterbruket og slåtten av sætervollen har vore vanleg frå alders tid, men no i siste åra har det gått stygt til atters med sæterslåtane. Ein av grunnane ~~ti~~ til dette er nok den tronge tilgangen på arbeidshjelp, og ein annan grunn er nok det at drifta er noko tungvint. Fleire og fleire av dei gamle inngjerda sætervollane blir etter kvart lagt under dyrefot. Mange stader der det før var store englökkjor inngjerde kring sætra er det no att berre ei lita trø kring husa.

Det har vore vanleg å leggja på dyregjødsla på sætervoll- en. I sætergrendene innover Endal i Budal er det framleis bruken å gjødsla slik. På dei sætrene der det ikkje driv- es slått lenger blir gjødsla lagt på beitet rundt ikring vollen. Det er ein stor ~~xxx~~ fordel å gjera det fordi kyr- ne da vil finna mykje og saftfullt beite nære innpå sæ- tra.

Omgangsmåten med gjødslinga i gammal tid var liknande som den dei bruka ved enggjødslinga heime på gardane. Det ein- aste som kanskje vart sløyfa var køyring av "sloin", men somme heldt hardt på at det òg måtte gjerast for å få full nytte av møkka.

På somme sætrer var det ei tid skikken å berre velta møk- ka i haug borti ei dolp eller eit hol. Det var mykje meir lett- vint å bli kvitt møkka på den måten, men i dei seinare åra blir møkka igjen spreidd på beitet. Ein har døme på det løner seg for beitet serleg på seinhausten da beitet elles fell stygt i fjellet. Da vil det gjødsla beitet hal- da seg grønt og friskt lenge etter at det andre fell.

21)

Andre ting enn husdyrgjødsel har ein bruka lite av til å enggjødsling. Så vidt folk veit kan det segjast at det ikkje har vore bruka anna enn møkk.

Riss av gamle jordbruksreidskap.







fig.1 syner den gamle jarnskodde skofla eller "ruku" som daglegnemninga var.

fig.2 syner harka. b) er riss av korleis tindane var feste i hovudet. Skaftet var ei unggrantelle som var kløyvd eit stykke innover og påsett ein jarnring. Dei aller eldste hadde fleire vidjeringar i staden for jarn.

fig.3 syner den tritinda jarnskodde tregreipa. Ho vart bruka i husmannsplassane lenge etter at gardane gjekk over til heimsmidde jarngreip.

fig.4 syner "sloin". a) slik han ser ut ovanfrå. b) riss av den einskilde stokken.

Snøan, den 8/11-1948

J. Haukdal
J. Haukdal

Sør-Tr. lag
Skören.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEHUSEM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Denne eller liknade måtar å bera vatn på kan ingen segja at har vore bruka her i bygda.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Slike brenselemne har ein ikkje bruka her da det alltid har vore meir enn nokk av ved å finna i skogane.

Svara er gje av J.Haukdal,
Snøan, og gjeld for Haukdals-
grenda og nærmaste grannelag-
et.

2176

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING